

# Referat årsmøte Forum Gris 2013



Kafe Jærbuen 7. Mars

- 1 Leder Hanne ynskter velkomen til ca. 25 medlemmar.
2. Innkalling og sakliste vart godkjent.
3. Hanne vart valt til møteleiar.
4. Leiv Kristian Skrettingland vart referent.
5. Marit Salte og Torbjørn Haavardsholm vart valt til å skrive under møteboka.
6. Leder leste årsmeldinga som vart godkjent.
7. Gislaug Sele frå Jærøk gjekk gjennom rekneskapen, som vart godkjent.
8. Nytt FG purkefôr:

Me sender brev til FKRA om at me ynskjer at prøvefôret "Fjellheim Speial" skal gå inn som alternativt purkefôr med namnet "FG purkefôr spesial". LK sender info til medlemmane når fôret er klar for levering. Dette er et forslag som kan brukast som einaste fôr til suger og rekrutter.

9. Det var ingen inkomne saker.

10. Valg

Lars Oftedal, leiar i valnemda leia valet, som vart slik:

Hanne Våland	gjenvæl leiar
Magnar Fjellheim	gjenvæl styremedlem
B.S. Bekkeheien	ny styremedlem
Elling Stangeland	1. Varamann
Inger Lise Varhaug	2. Varamann

Magnar Møller	ny revisor
Asle Jacobsen	ny i valkomitèen

Ingen endring i takster til tillitsvalgte.

Leiaren føreslo 1400 kr. til kvar i valkomitèen, som vart vedteke.

Arvid Søyland i Nortura hadde fagleg innslag. Han snakka om overskots-situasjonen me er i for tia. 5200 tonn er prognosen for 2013, mens 4000 tonn er på fryselerer nå. Me er nå 1,50 kr. under målpris og 1,90 i omsetningsavgift. Nortura har auka salet med 5%.

Det er sterk nedgang i dekningsbidraget, for eksempel -2000 i smågrisproduksjon.

Produksjonsreguleringstiltaket med slakt av lettgris skal fortsetja i 3 mnd.

Vektene har minka med 5 kg i Fatland og Nortura, mens Prima har hatt 2 kg. auka vekt. I Nortura tener ein 33 kr meir med 4 kg lågare vekt.

Stor avlsframgang gjer det aktuellt med rein durocsæd i 2013. Rein LYD er best på alle ledd i produksjonen.

Etter god tapasmat fekk dei nye danskane Judith Kristensen og Gert Vognstoff Kristensen ordet. Judith hadde 33 avvendte i deira besetning. Nøkkelen var: Management

For å få 16 levande fødte må ein bruka lang tid ved inseminering.

Ta ikkje med fleire dosar inn i grishuset enn du er sikker på å bruka.

Peder Dahl var imponert av resultatata til Judith.

Mannen Gert er fórmann og snakka varmt om valsa korn som for eksempel har god effekt på helse – salmonella.  
Det er ”ekspandat” som er den beste struktur på kraftfóret.  
Dobbelt så mange løsgående suger enn fikserte har magesår, 51%. Stress er årsaken.  
Kun 11% har magesår ved ekspandat.  
Sugger skal ha 220 fe. i dieperioden, fordel dagsrasjonen på 3 foringar.  
To foringar gir max 180 fe.  
Gjeldsugger bør forast 2 gonger dagleg.

Erik Håvarstein  
Sign.:

Marit Salte  
Sign.: